



ÅRSMELDING 2022



# INNHALD

Framsidedfoto: SKL på vinterarbeid ved Blådalsvatnet i Blådalsvassdraget. Området er langt frå brøyta bilveg på vinterstid, og snøscooter og helikopter vert nytta for arbeidet. Då skodda kompliserte heimreisa med helikopter denne dagen, gjaldt det å ta beina fatt over Blåfalsdammen.

SKL - meir av alt raskare .....	3	Notar 2022 .....	22
Hovudtal 2022 .....	4	Note 1 - Rekneskapsprinsipp .....	23
Hovudtal 2014-2022 - konsernet SKL .....	6	Note 2 - Transaksjonar og mellomverande med nærstående partar .....	25
SKL i nærmiljøa.....	7	Note 3 - Finansiell marknadsrisiko.....	26
Folk i SKL .....	9	Note 4 - Samanslåing av postar i rekneskapen .....	27
Våre kraftverk.....	10	Note 5 - Konsoliderte selskap .....	28
Styret si årsmelding .....	11	Note 6 - Lønnskostnadar, tilsette, godtgjersle m.m. ....	29
Rekneskap 2022 .....	17	Note 7 - Pensjonskostnadar/-ansvar .....	30
Resultatrekneskap morselskap og konsern .....	18	Note 8 - Varige driftsmidlar .....	31
Balanse .....	19	Note 9 - Immatrielle egedelar .....	32
Kontantstraumanalyse .....	20	Note 10 - Aksjar og andelar i andre selskap .....	33
Revisor si melding .....	21	Note 11 - Fordringar, anna kortsiktig- og langsiktig gjeld .....	35
		Note 12 - Skatt .....	36
		Note 13 - Aksjekapital og aksjonærinformasjon .....	40
		Note 14 - Eigenkapital .....	41
		Note 15 - Pant og garantiar .....	41



# MEIR AV ALT RASKARE

## I 2020 flauma vatnet over i magasin, medan 2021 utvikla seg til eit år med høge prisar. Lite visste me då om at 2022 skulle bli endå meir ekstremt.

Krigen i Europa kom på starten av året, med den konsekvens for kraftmarknaden at Europa opplever både ein energikrise og ein energipriskrise. I Noreg har me ikkje hatt mangel på energi, sjølv om nokon i periodar var usikre på om det ville vera nok vatn. Energipriskrise har me derimot hatt i Noreg, med ein snittpris i 2022 på over to kroner pr. kWh. Saman med auka inflasjon og aukande rente har det ført til utfordrande tider for mange.

Dei høge prisane som følge av Russlands energikrig har også gitt utfordringar for oss i kraftbransjen, om enn på heilt anna vis. Me ser stadig forslag til kortsiktige løysingar på den akutte krisa - løysingar som kan gi uheldige konsekvensar for både innbyggjarar og næring i Noreg på lengre sikt. Som kraftprodusent er det krevjande å vera den som mottar dei store inntektene og samstundes ha truverd på at systemet er bra for Noreg på sikt. Det som er bra med dei vanskelege diskusjonane

som no kjem opp, er at fleire og fleire forstår at det ikkje finnast ein quick fix. Noreg treng meir fornybar kraft, meir nett og at me brukar energien meir effektivt. Me treng altså meir av alt raskare.

SKL sitt rekordresultat for 2022 kjem eigarane og samfunnet rundt oss til gode. Samstundes gir det SKL ein unik moglegheit til å ta del i den veksten vår næring må ha dei neste åra for at Noreg skal nå dei fastsette klimamåla. SKL arbeider målretta med nye prosjekt. I løpet av 2022 har me fullført tre anlegg som produserer fornybar vasskraft: Håfoss kraftverk i Fjæra, Jarlshaug kraftverk i Samnanger og Risvollvelva kraftverk i Sauda. I tillegg held me på med slutføring av Løkjelsvatn kraftverk i Etne og Einungstølsåna kraftverk i Røldal.

Me arbeider med å få fram fleire prosjekt innan vasskraft. Det største, Fjellhaugen kraftverk i Kvinnherad, er avhengig av at det såkalla høgprisbidraget som blei innført i fjor blir fjerna, og at me som utbyggjar er trygg på at liknande skattar eller avgifter ikkje blir innført. Høgprisbidraget kuttar alle insentiva til kraftprodusentane for å oppgradera effekt, som Noreg er heilt avhengig av for å kunna ta store mengder uregulerbar kraft (vind og sol) inn i kraftsystemet.

Noreg treng meir kraft, og me treng meir av anna kraft enn vasskraft. SKL er positive til vindkraft på land og vil gjerne arbeida fram slike prosjekt i kommunar som er positive til det. Me satsar godt innan havvind, gjennom vårt eigarskap i Deep Wind Offshore (DWO). No er kriteriana for tildeling av areala Sørleg Nordsjø II og Utsira Nord presentert og me ser fram til å levera søknadane til hausten.

I det daglege er vår viktigaste oppgåve å sørgja for at alle tilsette kjem heile heim. Det har me også klart i 2022. Takka vera imponerende innsats frå dei tilsette har kraftverka hatt høg oppetid, som er vårt viktigaste bidrag til forsyningstryggleiken. Det gir eit godt grunnlag for våre resultat og vår verdiskaping for eigarar, lokalsamfunn og tilsette.

Framfor alt anna lærte året 2022 oss at me treng meir fornybar energi. Klimatrusselen verda står ovanfor gjer at me treng veldig mykje meir energi raskt. I SKL håper me at perioden me har lagt bak oss har gjort alle bevisste på at for å få til meir fornybar energi og nett, må me som samfunn prioritera. SKL er klar for å vera med å bidra til meir av alt raskare.

**John Martin Mjånes**  
Adm. direktør

\* Olje- og energidepartementet peika ut ein eigen energikommisjon i 2022. 1. februar 2023 leverte dei rapporten "Mer av alt raskere", om energibehovet Noreg kjem til å få i framtida.

## HOVUDTAL 2022

5 519

Omsetning mill. kr

4 760

Driftsresultat mill. kr

1 746

Årsoverskot mill. kr etter skatt

1 100

Utbyte mill. kr

\* i tillegg vart det utbetalt eit ekstrautbyte på 300 mill. kroner til eigarane hausten 2022

8 376

Totalkapital mill. kr

3 045

Eigenkapital mill. kr

36,3%

Soliditet eigenkapital i %  
av totalkapital

54


Årsverk pr 31.12

2 317

Total produksjon i SKL-konsernet  
sine anlegg, GWh



# SKL BETALTE 1 003 MILL. KRONER I SKATTAR I 2022\*. DET TILSVARAR...



## 193

elektriske bussar



## 1 700

grunnskulelærarar



## 44 km

med gang- og sykkelveg

Innkjøp av regionbuss 15 m. inkl. ladar 2022. Kjelde: Miljødirektoratet (2022), s.16.  
Barrierer for elektrifisering av bussdrift i kollektivsektoren. Observasjoner fra intervjuer med bransjeaktører.  
<https://kollektivtrafikk.no/app/uploads/2022/05/M2252.pdf>

Basert på årsløn i snitt, SSB tabell 11418

Kostnadene varierer avhengig av mange faktorar. Estimater er basert på 23 mill. kr. pr. kilometer for sykkelveg med fortau i bynære strøk, ein snittpris nytta i ein artikkel med Transportøkonomisk institutt som kjelde:  
<https://www.tiltak.no/b-endre-transportmidelfordeling/b-3-tilrettelegging-syssel/sammenhengende-sysselvegnett/>

\* Beløpet er summen av naturressursskatt, grunnrenteskatt, konsesjonsavgift til kommunar, selskapsskatt, eigedomsskatt, konsesjonsavgift til staten og arbeidsgivaravgift. Beløpet er faktisk utbetalte skattar i 2022. Auka skattar til staten som følge av endring i skattelegging av vasskraft, samt det høge prisnivået på straum i 2022, vert først synleg i skattane som vert utbetalt i 2023.



# HOVUDTAL 2014 - 2022

## KONSERNET SKL

		2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014
<b>Resultatrekneskap</b>										
Omsetning	mill. kr.	5 519	2 163	344	987	1 255	807	710	746	845
Driftsresultat	mill. kr.	4 760	1 677	57	597	818	411	284	154	299
Årsoverskot etter skatt	mill. kr.	1 746	703	3	269	355	153	161	51	124
Utbytte	mill. kr.	1 400 *	422	2	160	210	115	120	38	93
<b>Balanse</b>										
Totalkapital	mill. kr.	8 376	5 272	3 946	3 832	3 892	3 723	3 827	3 671	3 151
Eigenkapital	mill. kr.	3 045	2 712	2 428	2 434	2 319	2 178	2 157	2 103	1 290
Soliditet (eigenkapital i % av totalkapital)	%	36,3	51,4	61,5	63,5	59,6	58,5	56,4	57,3	40,9
Likviditetsgrad 1 (omløpsmidlar i % av kortsiktig gjeld)	%	90,6	74,5	11,2	38,2	54,2	58,6	91,0	208,1	33,6
<b>Rentabilitet</b>										
Totalrentabilitet (resultat før rentekostnader i % av totalkapital)	%	58,2	32,0	1,6	16,2	21,8	11,5	7,6	4,7	9,8
Eigenkapitalrentabilitet før skatt (resultat/eigenkapital)	%	159,4	61,5	1,5	24,4	35,5	18,7	12,1	6,2	20,9
<b>Årsverk</b>										
Årsverk per 31.12.		54	55	56	55	58	60	68	111	116

Alle tal i 1000 NOK

\* 300 mill. kroner vart utbetalt som ekstraordinært utbytte hausten 2022.



# NÅR DET REGNAR I MAGASINA, SÅ DRYP DET PÅ NÆRMILJØA

## I 2022 betalte SKL høge summar i både skattar og utbytte, men korleis kjem andre verdiar som selskapet er med på å skapa, til syne i lokalsamfunna? To kommunar kastar lys over korleis verdiskapinga skjer i praksis.

Gaute Straume Epland er ordførar i Stord, som er vertskommune for hovudkontoret til SKL og medeigar i selskapet med ein nokså beskjeden andel på 2,1 %. Sjølv om eigarskapet til vanleg ikkje gir så veldig store inntekter, er det årlege utbyttet likevel ei viktig inntektskjelde for kommunen:

– Desse inntektene samsvarar med årleg drift av to sjukeheimplassar, så dei har betydning for oss, fortel Epland.

Når straumprisane har svinga og vorte ekstra høge dei siste to åra, monnar derimot utbyttet til den minste av dei tre eigarane meir:

– Dei ekstraordinært store utbyta dei siste åra har bidratt til at kommunen har kunna handtera auka utgifter som følgje av høge straumprisar, rentehendingar og generelt høg prisvekst.

### Garantist for fornybar straum til industrien

Ein båtturn søraust over Hardangerfjorden ligg Etne kommune. Etne eig ikkje i SKL, men er heimkommunen til nokre av dei større kraftanlegga til selskapet. Sjølv om dei ikkje har fått det årlege utbyttet som Stord har nytt godt av særleg dei siste to åra, ser Etne kommune fleire verdiar ved å ha vasskraftproduksjonen hos seg. Aktiviteten rundt både bygging og drift av kraftverka genererer mykje anna positivt for lokalsamfunnet, forklarar kommunedirektør Filippo Ballarin.

– Framfor alt som ein kraftleverandør leverer SKL elektrisitet til innbyggjarane, verksemder og offentlege institusjonar i Etne. I tillegg kan fleire aktørar velja å investera i kommunen – spesielt med tanken på omstilling til grøn industri – takka vera eksisterande produksjon og tilgang til fornybar kraft, legg han til.



Gaute Straume Epland er ordførar i Stord kommune, som eig ein liten del av selskapet. Foto: Stord kommune.

### Lokal utvikling og kjensle av tilhøyre

Etne kommune får altså ikkje noko utbytte, men andre verdiar kjem vertskommunen til gode.

– Både eigedomsskatt og konsesjonskraft er verdifulle inntektskjelder for kommunen, og gir moglegheiter for å investera i kommunale tenester, infrastruktur og økonomisk utvikling. Inntektene frå eigedomsskatt og konsesjonskraft kan til dømes verta brukt til



Filippo Ballarin, kommunedirektør i Etne kommune, fortel om verdiane SKL si drift genererer i kommunen, som ikkje berre er direkte økonomiske. Foto: Sonja Frøfjord.

å byggja og vedlikehalda vegar, bruer og anna infrastruktur, finansiera utviklingsprosjekt som kan skapa arbeidsplassar og økonomisk vekst i kommunen, støtta lokale verksemder og entreprenørar gjennom støtteordningar og utviklingsprosjekt, og tilby kulturelle og sosiale tenester til innbyggjarane, fortel Ballarin.

Fellesskapet og lokalsamfunnet kan verta styrka gjennom støtte til lokale arrangement, organisasjonar,



investeringar i infrastruktur og fornybar energi, meiner han og.

I løpet av 2022 bidrog SKL mellom anna med støttemidlar til det lokale idrettslaget, sogelaget, kulturhuset og kulturnatta i Etne.

– Ein bidrar til å skapa ei kjensle av tilhøyre og engasjement, trur Ballarin.

### Ein kompetansesentral på Stord

Tilbake på Stord er ordførar Epland også opptatt av dei oppsidene ved SKL sitt virke i kommunen som ikkje er direkte økonomiske:

– SKL er ein viktig kompetansearbeidsplass. Det er ei verksemd i stadig utvikling som no også er engasjert i hydrogenproduksjon og havvind, gjennom Hydrogen Solutions (HYDS) og Deep Wind Offshore (DWO), forklarar ordføraren.

SKL har dei siste åra utvida det faglege nedslagsfeltet sitt og er ein aktiv eigar i hydrogenproduksjon- og havvindselskapa som Epland siktar til. I 2022 bidrog SKL og til ei mogleighetsstudie om bruk av solceller på taket til mange av dei kommunale bygningane i Stord kommune, i kombinasjon med fjernvarmeanlegget og solceller på ein planlagd ishall i kommunen.

– SKL bidrog i lag med Haugaland kraft, Endra og Eviny til at me fekk gjennomført studien, som det er bestilt ei politisk sak på før sommaren. Det betyr mykje for Stord kommune å kunna dra nytte av SKL sin kompetanse i denne typen samarbeid, avsluttar Epland.



Ungdommane på Harri fritidsklubb på Stord fekk støtte frå SKL i 2022. Pengane vart brukt til å laga til felles kveldsmat på klubben. Tiltaket var eitt av mange gode og viktige formål i nærmiljøa til SKL som vart gjennomført med økonomisk støtte frå selskapet i 2022. Foto: Harri fritidsklubb.





## Eivind Kjerpeset (39) Sivilingeniør

**Bakgrunn:**  
Sivilingeniør maskin NTNU, MBA – Økonomisk styring og leiling NHH.

**Jobbar med:**  
Akkurat no mest innkjøp og kontraktsgjennomføring av elektromekaniske leveransar til nye anlegg.

**Kva liker du med å jobba i SKL?**  
SKL er framoverlent. Det likar eg. Me har ein vekststrategi, er stadig på jakt etter nye prosjekt og å modifisera eksisterande anlegg for å få meir kraftproduksjon eller betra oppetida. Det synst eg er økonomisk og ingeniørteknisk interessant, samstundes som det er bra for klimaet.

**Kva er spennande med å jobba med fornybar kraftproduksjon?**  
Å jobba med fornybar kraftproduksjon er framtidsretta og bidrar i rett retning for klimamåla. Det er viktig for meg. Me må agera no for framtidens skuld, ikkje i morgon. Vasskraft er i tillegg spennande, reint fagleg, der utnyttinga av energien er fantastisk god og anlegga robuste med lang levetid.



## Helene Barsnes Hvidevoll (34) Økonomimedarbeidar

**Bakgrunn:**  
Rekneskapsfører med vidareutdanning lønn- og HR-sertifisering.

**Jobbar med:**  
Lønn, rekneskap og andre økonomirelaterte oppgåver.

**Kva liker du med å jobba i SKL?**  
Det eg jobbar med gir ein meirverdi for tilsette og kundar, og eg liker alle mine kollegaer og deira kunnskap og erfaringar. Arbeidet mitt er varierende og utfordrande, og eg blir inkludert i ulike prosessar og høyrte på arbeidsplassen min.

**Kva er spennande med å jobba med fornybar kraftproduksjon?**  
Fornybart er viktig for samfunnet vårt no og i framtida. Eg synst det er spennande at me er nytenkande, at me investerer i vasskraftproduksjon og -utbygging, men at me og arbeider med grønt hydrogen og vindkraft.



## Jomar Grov (54) Driftsingeniør på Driftssentralen

**Bakgrunn:**  
Elektromontør Gr. L (lågspent), Teknisk fagskule Elkraft.

**Jobbar med:**  
Overvaker og driftar SKL sine heil,- og deleigde produksjonsanlegg i Blåfalli, Etne og småkraft rundtom, utfører systemtenester og andre tenester for eksterne aktørar.

**Kva liker du med å jobba i SKL?**  
Eg likar SKL sin selskapsstruktur, og eg føler meg verkeleg som ein del av eit veldig godt lag; eit lag med gode haldningar og høg kompetanse. Me dreg kvarandre stadig i retning mot å bli betre på det me allereie er gode på, å utvikla oss, og å finna betre og meir moderne og effektive løysingar både teknisk, metodisk og systematisk.

**Kva er spennande med å jobba med fornybar kraftproduksjon?**  
Fornybar energi er vorte meir og meir aktuelt i samband med auka energibehov, å oppnå viktige berekraftmål og «Det grøne skiftet». Difor er det kjekt å få delta midt inne i dette med det me utviklar og driftar i selskapet no, og inn i framtida.



# VÅRE KRAFTVERK

## ● Heleigd

Blåfalli Vik  
Blåfalli III  
Blåfalli IV  
Blåfalli V  
Eikelandssosen kraftverk  
Hardeland kraftverk  
Litledalen kraftverk

Staffi kraftverk  
Børtveit kraftverk  
Lundseter Kraftstasjon  
Bordaldsbekken  
Liarelva  
Rødne kraftverk  
Åkraelva kraftverk

Tveitelva kraftverk  
Storelvi kraftverk  
Håfoss kraftverk  
Sand Kraftverk  
Økstra kraftverk


## ● Deleigd

Sima kraftverk  
Ulla-Førre-verkene  
Saundefaldene  
Akslandselva kraftverk  
Eitro kraftverk  
Hopselva kraftverk  
Håra kraftverk

Indrebø kraftverk  
Mosbakka kraftverk  
Nydalselva kraftverk  
Tysseiland kraftverk  
Steinsvik kraftverk  
Sandal og Fossheim kraftverk  
Tverrelva

Gjønaelva kraftverk  
Helgheim kraftverk  
Jarlshaug kraftverk  
Risvollselva kraftverk  
Timbra kraftverk  
Steine kraftverk

For meir informasjon om våre kraftverk - trykk her [↗](#)





# STYRET SI ÅRSMELDING

(FORTS.)

## Ytre miljø

SKL utviklar og driftar vasskraftverk og produserer miljøvenleg energi; elektrisk straum.

Sjølve drifta av vasskraftverka påfører atmosfæren låge klimaavtrykk, men påverkar økosystemet i vassdraga og landskapsbiletet lokalt gjennom fråføring av vatn og regulert vasstand.

Størst utslepp av klimagassar er knytt til anleggsarbeid i samband med bygging av kraftverka. Sett i lys av eit livsløpsperspektiv vert samfunnsnytta, i form av tilført fornybar energi stor, samanlikna med klimaavtrykket frå ein kortvarig anleggsfase.

SKL sin samla energiproduksjon i 2022 var 2,76 TWh. Dette svarar til, i livsløpsperspektiv, om lag 1,34 million tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar spart, dersom ein samanliknar vasskraftproduksjon med produksjon av naturgass.

Regulering av vassdrag har også andre positive miljøeffektar. Regulering kan i ein skilde høve verka flaumførebyggjande, redusera skade på natur og eigedom, og sikra høgare kritisk lågvassføring samanlikna med kva naturen sjølv gir.

**SKL vil arbeida for ei berekraftig verd, og selskapet sitt hovudbidrag er knytt opp mot følgjande berekraftsmål:**



### Rein energi til alle

*Sikra tilgang til påliteleg, berekraftig og moderne energi til overkommeleg pris.*

**Me utviklar og driftar vasskraftverk og produserer miljøvenleg energi utan utslepp.**

- Auka produksjon til 4 TWh, innan 2028

**Me deltar i utvikling og drift av andre fornybare energikjelder og -berarar.**

Innan 2030 skal me delta i/utvikla:

- Havvind, 400 GWh
- Vindkraftprosjekt på land, i kommunar som er positive til det
- Eigarandel i ein hydrogenprodusent
- Eigarandel i anna (solpark med meir)



### Stoppa klimaendringane

*Handla med ein gong for å kjempa mot klimaendringane og konsekvensane av dei.*

**Me skal redusera utslepp i all vår aktivitet - innan 2030 skal me:**

- Scope 1, transport: 55 % reduksjon
- Scope 2, energi: 55 % reduksjon
- Kjøpa klimavoter og opphavsgarantiar for gjenverande

**Me set miljøkrav til våre leverandørar**

I alle nye prosjekt skal me vurdere berekraftige løysingar for:

- Optimalisera betongbruk
- Innkjøp av materiell
- Transport
- Avfallshandtering
- Førå klimarekneskap

**Me bidrar til å redusera skadeomfang ved flaum**

- SKL sett beredskap, overvakar vassdraga, informerer kommunar med fleire og iverksett flaumførebyggjande tiltak



### Livet på land

*Beskytta, retta opp og fremja berekraftig bruk av økosystem, sikra berekraftig skogforvaltning, kjempa mot ørkenspreiing, stansa og reversera landdøyeleggingar, og stansa tap av artsmangfald.*

**Me tar omsyn til økosystem og naturmangfald i planlegging, anleggsfase og drift av anlegga våre, me skal:**

- Minimera bruk av areal
- Vurdere kompensasjon av brukt areal
- Tippmassar skal i størst mogleg grad verta brukt igjen
- Ivareta tovegs fiskevandring, der det er aktuelt

**Me støttar arbeidet med vassforvaltingsplanar som balanserer vasskraft og vasskraftmiljø:**

- Økologisk tilstand i utbygde vassdrag skal ikkje verte svakt
- SKL investerer årleg 300 000 kr. til utvikling og forbetring som tar omsyn til økosystem og naturmangfald



### Ansvarleg forbruk og produksjon

*Sikra berekraftige forbruks- og produksjonsmønster.*

**Me arbeider med framtidens rett og berekraftige energiløysingar:**

- Årleg utarbeida berekraftsrapport
- Sortera avfall og utarbeida avfallsrekneskap i drift og prosjekt
- Årleg informera om rein energi til skuleelevar i Stord, Kvinnherad og Etne kommune
- Kvart fjerde år vurdere produktspekter med omsyn til gode alternativ, til dømes miljøolje og maling





SKL arbeider etter målsetnadane og har tiltaksplanar for å nå desse. Arbeidet vert dokumentert i SKL sin årlege berekriftsrapport, denne finn du på **skl.as**.

Eit leiande mål for selskapet er at anlegga våre skal driftast utan miljøavvik. Det vil seia at gjeldande vilkår i form av minstevassføring, reguleringshøgder m.m., skal overhaldast. Selskapet har eigen driftssentral som overvaker anlegga og vassdraga, internkontrollsystem for miljø og landskap, og sikkerheit.

Selskapet har i 2022 ikkje hatt vesentlege uønskte hendingar som har skada ytre miljø. Selskapet har hatt ei uønskt hending med utslepp av 100-200 liter oljehaldig væske, knytt til ein oljeutskillar som vart tømt i arbeidet med Løkjelsvatn kraftverk. Væska rann ut i grunnen, men strakstiltaka som vart iverksett hindra vidare forureiningssfare. Saka vart varsla til Statsforvaltaren i Vestland og er ferdighandsama hos dei.

I 2022 var det registrert fem hendingar knytt til låg minstevassføring/vasstand som er meldt vidare til NVE. NVE har konkludert med at dei ikkje har konsekvens for ytre miljø ved fire av hendingane, og har lukka desse sakene. NVE har førebels ikkje gitt tilbakemelding på den siste saka.

## Om drifta

Året 2022 vart sterkt prega av mange forstyrningar i energimarknaden i Europa. Sentrale årsaker var krigen i Ukraina med reduksjon/nedstenging av gassleveransane frå Russland til Europa, ein svak energibalanse i Norden, hetebølge i Europa og mykje

av Europa sin kjernekraftproduksjon enten midlertidig eller permanent tatt ut av drift. Alle desse forholda smitta direkte inn i den nordiske energimarknaden med prisnivå og -svingingar me ikkje tidlegare har sett.

SKL produserte totalt 2 317 GWh i 2022. Det er 19 GWh, eller cirka 0,7 % meir enn det som er rekna som middel produksjon. Dei konsoliderte småkraftverka produserte totalt 124 GWh, mot middelproduksjon for anlegga som utgjer 142 GWh. Avviket mot middelproduksjon skuldast hovudsakleg at tre kraftverk vart sett i drift i 2022, og difor ikkje hadde fullt produksjonsår.

Magasininnhaldet ved inngangen til 2022 var omtrent identisk med utgangen, med berre 3 GWh høgare ved utgang. Total nedbør i Matre vart 3 581,5 mm (9 % høgare enn normalt) mot 2 819 mm i 2021.

Det har vore god tilgjengelegheit i dei heileigde produksjonsanlegga i løpet av året. Det har vore gjennomført vanleg vedlikehald i samsvar med plan utan at det har hatt signifikant innverknad på produksjon.

Snittpris for 2022 i prisområdet Blåfalli (NO2) vart 218,5 øre/kWh. Det er 142,3 øre/kWh høgare enn for 2021. Prisen var høgast i august med 434,5 øre/kWh, mens den lågaste prisen fekk me i november med 112,8 øre/kWh.

Hovudvolumet av kraft vert seld til løpande spotpris på kraftbørsen Nordpool. Oppnådd pris på fritt omsetteleg kraft i SKL vart 223,4 øre/kWh mot

83,9 øre/kWh i 2021. Tilsvarande tal for dei konsoliderte småkraftverka var 176,4 øre/kWh mot 71,5 øre/kWh i 2021.

Dekningsbidraget av kraftomsetninga var på 4 877,3 mill. kroner for 2022, mot 1 901,0 mill. kroner i 2021 (sal energi trekt frå kjøp energi) i SKL AS. I konsernet var det 5 093,1 mill. kroner i 2022, mot 1 946,0 mill. kroner i 2021. Totalt dekningsbidrag inkludert sal av sertifikat og systemtenester, og med frådrag for leige av fall, vart 5 017,9 mill. kroner for SKL og 5 178,6 mill. kroner for konsernet, mot høvesvis 1 886,2 mill. kroner og 1921,6 mill. kroner i 2021.

## Om årsrekneskapan

### Resultat

Rekneskapan for 2022 syner omsetning på 5 519,4 mill. kroner for konsernet og 5 531,3 mill. kroner for morselskapet. Resultat før skatt er 4 852,2 mill. kroner for konsernet. Tilsvarande tal for morselskapet er 4 720 mill. kroner. Overskot etter skatt er 1 745,6 mill. kroner for konsernet og 1 639,1 mill. kroner for morselskapet. Samanliknande overskot etter skatt i 2021 var 703,3 mill. kroner for konsernet og 668,2 mill. kroner for morselskapet. Skattekostnad i konsernet utgjer 3 106,6 mill. kroner, medan skattekostnad for morselskapet utgjer 3 080,9 mill. kroner. Totalt er resultat for konsernet før skatt 3 183,5 mill. kroner sterkare enn tilsvarande tal førre år. Etter skatt er resultatet styrka med 1 042,3 mill. kroner:

- Svært sterk kraftpris kombinert med godt tilsig, som etter ein våt haust vart litt høgare enn eit

normalår, samt god produksjon og tilgjengelegheit i alle av selskapet sine kraftverk gav auke i samla dekningsbidrag med 3 257,0 mill. kroner. Ingen førehandssal av kraft gjorde at all kraft vart selt til sterk spotpris

- Kostnadar til overføring av produsert kraft vart redusert med 139,7 mill. kroner for konsernet og 139,2 mill. kroner for morselskapet grunna lengre periodar med negativt marginaltap/energiledd, som skal stimulera til produksjon
- Lønnskostnadane vart redusert med 0,3 mill. kroner for konsernet og morselskapet målt mot 2021. Reduksjonen målt mot underliggjande lønnsvekst på ca. 4,3 % skuldast høg investeringsaktivitet
- Andre driftskostnadar auka med 29,7 mill. kroner for konsernet og 24,3 mill. kroner for morselskapet. Ein stor del av auken kan tilskrivas avbrottsforsikring, som igjen heng saman med auke i kraftpris. Selskapet vert elles også påverka av høg kraftpris og generell høg prisauke gjennom 2022. Auken skuldast også at tre nye kraftverk vart sett i drift gjennom året
- Avskrivningane i konsernet aukar med tre nye kraftverk, mens avskrivningane i morselskapet vart tilnærma uendra. Det vart gjort nedskrivning i konsernet med totalt 32,3 mill. kroner knytt til to småkraftverk i 2021. Nedskrivninga skuldast sviakt i tilsig og produksjon i forhold til forventning. Det er ikkje gjort reversering av nedskrivninga i 2022



- Ledig likviditet er plassert med låg risiko og kort løpetid i sertifikatmarknaden, noko som har gitt samla renteinntekter med 53,3 mill. kroner for konsernet mot 3,5 mill. kroner i 2021
- Inntekt frå tilknytt selskap etter eigenkapitalmetoden har auka frå 5,6 mill. kroner i 2021 til 20,5 mill. kroner i 2022, og heng mellom anna saman med auke i kraftpris
- På grunn av redusert lånefinansiering er det realisert fastrenteavtalar med gevinst på totalt 30,4 mill. kroner
- Sterk kontantstraum og innløyising av lån har gjort at rentekostnadane berre er 2,2 mill. kroner høgare enn i 2021 for konsernet, til tross for kraftig auke i rentenivå
- Skattekostnaden er auka til 3 106,6 mill.kr for konsernet og 3 080,9 mill.kr for morselskapet, noko som gir ein effektiv skatt på hhv. 64,0 % og 65,3 % mot 57,9 % og 59,2 % i 2021. Auken skuldast auka sats for grunnrente frå 37 % til 45 %. Desse skattane kjem i tillegg til eigedomsskatt, konsesjonsavgift, konsesjonskraft og nyleg innført avgift på kraftproduksjon.

## Investeringar og langsiktige fordringar

Samla for selskapa som er konsolidert i konsernrekneskapen er det investert i varige driftsmidlar for netto 186,4 mill. kroner i 2022. Dei største postane gjeld:

- 86,4 mill. kroner på prosjektet Løkjelsvatn kraftverk i Etne, venta sett i drift hausten 2023
- 64,6 mill. kroner er nytta i samband med utbygging av småkraftverk, der tre vart sett i drift i 2022 og eitt vert sett i drift våren 2023
- 7,9 mill. kroner er nytta i samband med utgreiingar til nye utbyggingar
- 2,6 mill. kroner er nytta i samband med engasjementet i Sima-kraftverka
- 3,0 mill. kroner er nytta i samband med engasjementet i Ulla Førre-kraftverka
- 13,5 mill. kroner er nytta i samband med revisjon og utbetringar av eksisterande kraftverk
- 11,4 mill. kroner er nytta i samband med kjøp av verktøy, utstyr og vedlikehald/ombygging av bygg mv

I tillegg er det nytta 10,0 mill. kr i samband med finansielle investeringar

## Balanse og likviditet

Grunna sterk auke i resultat og høg effektiv skattesats er likviditetssituasjon pr. 31.12.2022 sterk, med bankinnskott på 627,0 mill. kroner for konsernet og 542,2 mill. kroner for morselskapet. Inneståande på konsernkonto utgjer i tillegg 1 708,8 mill. kroner. Det er gjort kortsiktig plassering av overskotslikviditet i kapitalmarknaden med 1 842,8 mill. kroner.

Arbeidskapitalen er pr. 31.12.2022 negativ med 456,0 mill. kroner for konsernet. Tilsvarande for 2021 var negativ med 415,5 mill. kroner. Skattegjeld på 3 262,8 mill. kroner til forfall i 2023, saman med utbyteavsetning på 1 100,0 mill. kroner, er dei to dominerande elementa i den negative arbeidskapitalen. Det vart hausten 2022 utbetalt eit tilleggsutbyte på 300,0 mill. kroner.

Likviditetssituasjonen er god. I tillegg har konsernet unytta kassakreditt på 300 mill. kroner. Samla gjeld knytt til obligasjonar, og andre lån og kassakreditt utgjer 621,7 mill. kroner pr. 31.12.2022, mot 918,7 mill. kroner pr. 31.12.2021. Det er ikkje forfall på langsiktig gjeld i 2023. Kontantbeholdning, kortsiktig kapitalplassering og unytta kassakreditt, i kombinasjon med venta innbetalingsoverskot frå drifta, gir god margin for dekning på forfall for kortsiktig gjeld og investeringar i kommande periode.

Konsernet sin soliditet er god. Etter avsett utbytte til eigarar er eigenkapitaldelen ved utgangen av året 36,2 % mot 51,4 % ved utgangen av 2021. Reduksjonen skuldast kraftig auke i balansesum som følgje av auka kortsiktig gjeld knytt til betalbar skatt. Marknadsverdien i konsernet sine produksjonsanlegg er langt høgare enn balanseførte verdier. Eigenkapitalen er forsvarleg ut frå risiko ved, og omfanget av verksemda i konsernet.

## Kontantstraum

Konsernet hadde positiv kontantstraum frå drifta på 4 218,4 mill. kroner etter betaling av skatt og endring i driftsrelaterte tidsavgrensingar. Tilsvarande tal for

2021 var 1 852,1 mill. kroner. Endringa skuldast sterk kontantstraum grunna høg kraftpris.

Etter netto investeringar i driftsmidlar og finansielle eigedelar med 149,8 mill. kroner er netto kontantstraum før finansiering positiv med 4 068,5 mill. kroner mot 1 516,1 mill. kroner i 2021. Etter innløyising av obligasjonsgjeld, utbetaling av utbyte og plassering av overskotslikviditet enda netto likviditetsendring gjennom året på 407,5 mill. kroner mot 153,5 mill. kroner i 2021.

Morselskapet hadde positiv kontantstraum frå drifta på 4 080,1 mill. kroner etter endring i fordringar, kortsiktig gjeld og driftsrelaterte tidsavgrensingar. Tilsvarande tal for 2021 var 1 765,6 mill. kroner.

Avlagt rekneskap gir eit reelt bilete av verksemda og finansiell situasjon for 2022. Det er ingen hendingar etter årsskiftet som har vesentleg innverknad for årsrekneskapen 2022.



## Framtidig utvikling

2022 har vore eit spesielt år for kraftmarknaden. Der 2021 var eit år med normalisering etter kollaps i kraftprisen i 2020, baud 2022 mellom anna på krig, tørke og hetebølgje, som gav kriser for kraftmarknaden.

Konsernet sine kraftverk og magasin viste gjennom desse krisene verdien av både høg magasingrad, god reguleringsevne og isbreen Folgefonna si evne til å jamne ut tilsiget. Resultatet er at SKL har levert tilnærma normal produksjon og tilsig i eit elles tørrår, godt tilpassa marknaden sitt behov for kraft.

Framtidig inntening og finansiell stilling vert vurdert som god på både kort og lang sikt. I starten av 2023 har kraftprisen hold seg på eit sterkt nivå, men har falt noko tilbake frå nivå i desember 2022. Framover viser marknaden for framtidskontraktar ei normalisering av prisen, men det er stor usikkerheit knytt til særleg den europeiske energimarknaden framover.

SKL arbeider med konkrete prosjekt for realisering av ny fornybar kraftproduksjon. I tillegg står selskapet midt i betydelege re-investeringar i kraftverka i Etne, der Løkjelsvatn kraftverk er under bygging. Dette kraftverket erstattar fleire eldre kraftverk og vil nytta energien i vatnet på ein meir effektiv måte.

Konsernet SKL har god soliditet, og drifta er venta å generera stor positiv kontantstraum.

SKL vil framover fortsetja med å ha fokus på lønnsam vekst innan fornybar vasskraft på den eine sida, og

på den andre arbeida for å ytterlegare optimalisera og effektivisera SKL som eit reint produksjonsselskap.

## Finansiell risiko

SKL står blant anna ovanfor følgjande finansielle risiko:

- Pris-, volum- og valutarisiko knytt til dagens og framtidig sal av eigenprodusert kraft
- Renterisiko knytt til låneportefølje
- Refinansieringsrisiko

### Pris-, volum- og valutarisiko

SKL er eksponert for prisrisikoen for krafta som selskapet produserer. Prisen i kraftmarknaden er volatil. På kort sikt er prisen svært sensitiv til hydrologisk situasjon og til prisen i andre marknader som gass, utsleppskvotar og olje. Etter utbygging av meir uregulert kraftproduksjon som vind- og småskala vasskraft er prisen også blitt meir sensitiv til vind- og nedbørssituasjon på kort sikt. I 2021 kan det sjå ut som drift av to nye kablar til høvesvis Tyskland og England auka denne volatiliteten, i tillegg til å auka kraftprisen. 2022 har vist korleis den nordiske kraftmarknaden er sterkt korrelert med den europeiske. Men i tillegg har utbygging av ny uregulert kraft, kombinert med stor hydrologisk forskjell mellom sør og nord i Norge, eksponert flaskehalsar mellom dei nordiske prisområda.

SKL har over tid stått med ein strategi der all kraftproduksjon vert selt til spotpris. SKL er difor svært eksponert for endringar i marknadsprisen, noko som ytterpunkta i resultatata i 2020 målt mot 2022

viser. Strategien har gjort SKL mindre eksponert for skatterisikoen i forskjell mellom Systempris, som ofte sikringskontraktar vert oppgjort mot, og områdepris som er grunnlaget for grunnrenteskatten. Auka grunnrenteskattesats til 45 % og nytt høgprisbidrag på 23 % aukar skatterisikoen ytterlegare.

SKL har ein solid finansiell stilling og eigarar som kan handtera risikoen med å være eksponert for endringane i marknadsprisen. Sjølv om kortsiktige svingingar kan dempast ved førehandssal av kraft, er det ikkje sannsynleg at dette over tid vil gi betre resultat, og kan heller ikkje beskytte mot langsiktige endringar i kraftmarknaden.

Med kraftproduksjon basert på vasskraft vil tilgang på vatn og produksjonsevne variere frå år til år. For SKL, som har Folgefonna i sitt nedslagsfelt, vil breen representere ein utjamnande effekt i dei årlege variasjonane i SKL sitt største produksjonsanlegg. Volumrisikoen vert difor vurdert som noko mindre for SKL enn for bransjen generelt.

### Renterisiko

Selskapet sin renterisiko frå låneportefølja vert delvis sikra gjennom rentebyteavtalar. Grunna sterk finansiell stilling og redusert låneportefølje er løpande sikringar innløyst i 2022.

### Re-finansieringsrisiko

Selskapet har ein finansieringsrisiko for kapitalbehov frå vekst og re-finansiering. Kort løpetid i låneportefølja aukar denne risikoen. Risikoen vert handtert gjennom spreing av forfall over tid, samt finansieringsrammer

gjennom trekkrettar/kassakreditt i tillegg til likviditetsbeholdning.

## Resultatdisponering

SKL si målsetjing er langsiktig verdiskaping. For å bidra til å byggja ein kapitalbase for vidare vekst er det lagt opp til at selskapet held tilbake om lag 40 % av konsernresultatet. Grunna ekstraordinært resultat i 2022 er denne redusert til 80 %, noko som gir eit utbyte tilnærma 1 400 mill. kroner. 300 mill. kroner av desse er utdelt i eit tilleggsutbyte hausten 2022.

Ut frå kontantstraum og kapitalstruktur i konsernet, er det styret si meining at forslaget nedanfor til resultatdisponering er forsvarleg og i samsvar med dei skisserte måla for konsernet.

### Styret sitt forslag til disponering av overskotet for Sunnhordland kraftlag AS for 2022:

Avsett til utbyte	kr 1 100 000 000
Avsett til annan egenkapital	kr 539 119 000
<b>Sum disponering</b>	<b>kr 1 639 119 000</b>



# STYRET SI ÅRSMELDING (FORTS.)

**Stord**

**23. februar  
2023**



**John Martin Mjånes**  
Adm. direktør



**Olav Linga**  
Styreleiar



**Olav Osvoll**  
Nestleiar



**Jorunn Håvardsholm**  
Styremedlem



**Astrid Kjellevoid**  
Styremedlem



**Mette Heidi Ekrheim**  
Styremedlem



**Ketil Konglevoll**  
Styremedlem



**Egil Åkra**  
Styremedlem for tilsette



**Bjørn Rune Lekven**  
Styremedlem for tilsette





*Staffivatnet i Blådalsvassdraget.  
Vassdraget består av totalt 10 magasin  
av ulik storleik og reguleringsevne. Fem  
kraftverk bind saman vassdraget og  
produserer årleg 1,5 TWh.  
Foto: Peter Tubaas/Vestland Media.*



# RESULTATREKNESKAP - MORSELSKAP OG KONSERN

Konsern				Morselskap	
2021	2022		Note	2022	2021
<b>Driftsinntekter</b>					
2 133 518	5 465 547	Sal Energi	2,5	5 465 547	2 133 505
13 695	44 403	Sal av sertifikat og garantiar	2,5	44 368	13 722
15 853	9 492	Andre driftsinntekter	2,5	21 357	22 160
<b>2 163 066</b>	<b>5 519 442</b>	<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>5 531 273</b>	<b>2 169 387</b>
<b>Driftskostnader</b>					
187 560	372 449	Kjøp Energi	2,5	588 246	232 504
25 245	85 777	Kjøp sertifikat, garantiar og falleige	2,5	31 698	17 219
12 823	-126 852	Overføringskostnader	2, 5	-127 958	11 271
57 525	57 253	Lønn og sosiale kostnader	5,6,7	62 647	57 525
108 451	142 984	Andre driftskostnader	2,4,5,6	134 962	105 956
0	157 939	Avgift på kraftproduksjon		157 939	0
94 750	69 424	Av- og nedskrivningar	5,8,9	55 655	53 627
<b>486 354</b>	<b>758 974</b>	<b>Sum driftskostnader</b>		<b>903 189</b>	<b>478 102</b>
<b>1 676 711</b>	<b>4 760 469</b>	<b>Driftsresultat</b>		<b>4 628 084</b>	<b>1 691 285</b>
<b>Finanspostar</b>					
3 501	53 267	Renteinntekter	4,5	68 900	10 658
4 991	20 460	Inntekt frå investeringar i tilknytt selskap	4,5	0	0
-2 288	0	Nedskrivning av finansielle eigendelar	4,10	0	-47 555
5 630	40 021	Andre finansinntekter	4,10	45 021	5 623
-19 857	-22 029	Finanskostnader	4,1	-22 021	-22 253
<b>-8 023</b>	<b>91 719</b>	<b>Netto finanspostar</b>		<b>91 900</b>	<b>-53 527</b>
<b>1 668 689</b>	<b>4 852 189</b>	<b>Resultat før skatt</b>		<b>4 719 984</b>	<b>1 637 758</b>
965 362	3 106 578	Skattekostnad	12	3 080 865	969 586
<b>703 326</b>	<b>1 745 610</b>	<b>Årsresultat</b>		<b>1 639 119</b>	<b>668 172</b>

	2022	2021
<b>Konsern</b>		
Majoritetenes resultatandel	1 725 626	700 193
Minoritetenes resultatandel	19 984	3 133
<b>Sum</b>	<b>1 745 610</b>	<b>703 326</b>
<b>Resultatdisponering morselskap</b>		
Avs.utbytte (tidlegare skattlagt kapital)	1 100 000	422 000
Overføring til annan eigenkapital	539 119	246 172
<b>Sum disponert</b>	<b>1 639 119</b>	<b>668 172</b>

Alle tal i 1000 NOK



# BALANSE

Konsern				Morselskap	
31.12.2021	31.12.2022	Eigedelar	Note	31.12.2022	31.12.2021
		<b>Anleggsmidler</b>			
		<b>Immaterielle eigedelar</b>			
1 037 703	1 037 578	Vassdragsrettar	9	990 152	990 152
258 306	257 212	Utsatt skattefordel	9,12	244 306	238 607
<b>1 296 009</b>	<b>1 294 790</b>	<b>Sum immaterielle eigedelar</b>		<b>1 234 458</b>	<b>1 228 759</b>
		<b>Varige driftsmidler</b>			
539 731	633 660	Vassdragsreguleringar	8	407 267	417 996
738 741	802 417	Kraftstasjonar	8	661 423	667 192
118 521	153 433	Bygningar	8	83 505	83 252
31 085	44 879	Fordelingsanlegg	8	26 109	22 386
8 705	8 133	Fjernstyring/Teleanlegg	8	3 968	6 867
828 194	732 991	Anlegg under utføring	8	689 511	613 165
1 810	1 810	Tomter	8	1 800	1 800
14 982	20 321	IT/Transport- og andre driftsmidler	8	20 299	14 949
<b>2 281 769</b>	<b>2 397 643</b>	<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>1 893 882</b>	<b>1 827 607</b>
		<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
0	0	Investeringar i dotterselskap	10,5	134 998	127 468
87 433	105 411	Investeringar i tilknytt selskap	10	77 491	74 972
263 499	271 010	Øvrige aksjeinvesteringar	10	262 021	263 499
132 305	71 528	Langsiktige fordringar	2,3,11	409 851	522 165
<b>483 237</b>	<b>447 950</b>	<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>884 361</b>	<b>988 104</b>
<b>4 061 015</b>	<b>4 140 383</b>	<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>4 012 701</b>	<b>4 044 470</b>
		<b>Omløpsmidlar</b>			
		<b>Kortsiktige fordringar &amp; fin. oml. middel</b>			
20 505	24 840	Andre fordringar	2,11	23 188	14 839
8	1 842 834	Andre finansielle omløpsmiddel	11	1 842 834	8
59 924	32 562	Kundefordringar	2,11	41 824	62 021
911 083	1 708 806	Fordring innestående konsernkonto	11	1 708 806	911 083
<b>991 520</b>	<b>3 609 042</b>	<b>Sum Kortsiktige fordringar &amp; fin. oml. middel</b>		<b>3 616 652</b>	<b>987 951</b>
219 574	627 060	Bankinnskott, kontantar o.l.	4	542 165	164 802
<b>1 211 094</b>	<b>4 236 102</b>	<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>4 158 817</b>	<b>1 152 753</b>
<b>5 272 109</b>	<b>8 376 486</b>	<b>Sum eigedelar</b>		<b>8 171 518</b>	<b>5 197 223</b>

Konsern				Morselskap	
31.12.2021	31.12.2022	Eigenkapital og gjeld	Note	31.12.2022	31.12.2021
		<b>Eigenkapital</b>			
		<b>Innskoten eigenkapital</b>			
3 748	3 748	Aksjekapital	13,14	3 748	3 748
<b>3 748</b>	<b>3 748</b>	<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>3 748</b>	<b>3 748</b>
		<b>Opptent eigenkapital</b>			
2 687 359	3 001 380	Annan eigenkapital	14	2 895 974	2 668 437
<b>2 687 359</b>	<b>3 001 380</b>	<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>2 895 974</b>	<b>2 668 437</b>
21 142	39 723	Minoritet			
<b>2 712 249</b>	<b>3 044 851</b>	<b>Sum eigenkapital</b>		<b>2 899 722</b>	<b>2 672 185</b>
		<b>Gjeld</b>			
		<b>Avsetnad for forpliktingar</b>			
14 618	31 827	Pensjonsansvar	7,11	31 827	14 618
<b>14 618</b>	<b>31 827</b>	<b>Sum avsetnad for forpliktingar</b>		<b>31 827</b>	<b>14 618</b>
		<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
900 000	603 000	Obligasjonslån	3,11	603 000	900 000
18 666	18 667	Øvrig langsiktig gjeld	3,11, 15	0	0
<b>918 666</b>	<b>621 667</b>	<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>603 000</b>	<b>900 000</b>
		<b>Kortsiktig gjeld</b>			
51 536	33 148	Leverandørgjeld	2	42 691	43 359
937 897	3 104 867	Betalbar skatt	12	3 085 945	936 640
162 647	189 482	Avgifter, skattetrekk m.m.		189 097	163 656
0	157 939	Agift på kraftproduksjon		157 939	0
52 497	92 706	Anna kortsiktig gjeld	11	61 297	44 765
422 000	1 100 000	Avsett til utbytte	14	1 100 000	422 000
<b>1 626 577</b>	<b>4 678 142</b>	<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>4 636 969</b>	<b>1 610 420</b>
<b>2 559 861</b>	<b>5 331 636</b>	<b>Sum gjeld</b>		<b>5 271 796</b>	<b>2 525 038</b>
<b>5 272 109</b>	<b>8 376 486</b>	<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b>8 171 518</b>	<b>5 197 223</b>

Alle tal i 1000 NOK




# KONTANTSTRAUMANALYSE

## Konsern

## Morselskap

31.12.2021	31.12.2022	Likvider tilført / brukt på verksemda	31.12.2022	31.12.2021
<b>Likvider tilført frå årets drift</b>				
1 668 689	4 852 189	Resultat før skatt	4 719 984	1 637 758
-43 098	-934 591	Betalt skatt	-933 336	-43 510
94 750	69 424	Av- og nedskrivningar	55 655	53 627
<b>1 720 341</b>	<b>3 987 022</b>	<b>Netto tilført frå årets drift</b>	<b>3 842 303</b>	<b>1 647 875</b>
<b>Likviditetsendringar i balansen</b>				
-44 535	27 362	Endringar i kundefordringar	20 197	-45 768
-4 773	-4 327	Endringar i andre omløpsmidlar	-8 341	-9 181
16 301	-18 388	Endring i kreditorar	-668	15 080
164 785	226 536	Endring i andre tidsavgrensingar	201 617	157 597
<b>131 778</b>	<b>231 183</b>	<b>Netto likviditetsendringar i balansen</b>	<b>212 805</b>	<b>117 728</b>
<b>1 852 119</b>	<b>4 218 205</b>	<b>Sum likviditetsendringar frå årets drift</b>	<b>4 055 108</b>	<b>1 765 603</b>
<b>Likvider tilført / brukt på investeringar</b>				
<b>Likviditetsendring frå investeringar</b>				
-323 435	-186 449	Netto investering i varige driftsmidlar	-121 931	-214 194
-12 624	35 287	Endring andre anleggsmidlar /Langsiktige fordringar	103 743	-78 517
<b>-336 059</b>	<b>-151 162</b>	<b>Netto likviditetsendring frå investeringar</b>	<b>-18 188</b>	<b>-292 711</b>
<b>Likviditetsendring frå finansiering</b>				
-449 594	-297 000	Endring renteberande gjeld	-297 000	-437 688
-2 000	-722 000	Utbetalt utbyte/tilbakebetaling kapital	-722 000	-2 000
100	0	Kapitalutviding	0	0
0	-1 842 834	Kortsiktig kapitalplassering	-1 842 834	0
-911 083	-797 723	Endring i innestående konsernkonto	-797 723	-911 083
<b>-1 362 577</b>	<b>-3 659 557</b>	<b>Netto likviditetsendring frå finansiering</b>	<b>-3 659 557</b>	<b>-1 350 771</b>
<b>-1 698 636</b>	<b>-3 810 719</b>	<b>Sum likviditetsendringar frå investering</b>	<b>-3 677 745</b>	<b>-1 643 482</b>
<b>153 483</b>	<b>407 486</b>	<b>Netto endringar i likvider gjennom året</b>	<b>377 363</b>	<b>122 121</b>
<b>66 091</b>	<b>219 574</b>	<b>Likviditetsbeholdning 01.01.</b>	<b>164 802</b>	<b>42 681</b>
<b>219 574</b>	<b>627 060</b>	<b>Likviditetsbeholdning 31.12.</b>	<b>542 165</b>	<b>164 802</b>



Alle tal i 1000 NOK



# REVISOR SI MELDING

## Deloitte.

Deloitte AS  
Sundgaten 119  
Postboks 528  
NO-5501 Haugesund  
Norway  
Tel: +47 52 70 25 40  
www.deloitte.no

Til generalforsamlingen i Sunnhordland Kraftlag AS

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

### Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Sunnhordland Kraftlag AS som består av:

- selskapsregnskapet, som består av balanse per 31. desember 2022, resultatregnskap og kontantstrømpoppstilling for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper, og
- konsernregnskapet, som består av balanse per 31. desember 2022, resultatregnskap og kontantstrømpoppstilling for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav,
- gir selskapsregnskapet et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2022 og av dets resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og
- gir konsernregnskapet et rettviseende bilde av konsernets finansielle stilling per 31. desember 2022 og av dets resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### Øvrig informasjon

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlige for informasjonen i årsberetningen. Øvrig informasjon omfatter informasjon i årsrapporten bortsett fra årsregnskapet og den tilhørende revisjonsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke informasjonen i årsberetningen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese årsberetningen. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom årsberetningen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjon i årsberetningen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsberetningen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at årsberetningen

- er konsistent med årsregnskapet og

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the "Deloitte organization"). DTTL (also referred to as "Deloitte Global") and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no to learn more.

© Deloitte AS

Registret i Foretaksregisteret Medlemmer av Den norske Revisorforening  
Organisasjonsnummer: 980 211 282

## Deloitte.

side 2  
Uavhengig revisors beretning -  
Sunnhordland Kraftlag AS

- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav.

### Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet er ledelsen ansvarlig for å ta standpunkt til selskapets og konsernets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

### Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

